

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 26.10.2023, kl. 09:30-15:15

**MØTESTAD:** Psykiatrisk klinikk, Avdeling Tronvik, Kyrkjebø

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

### Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Jan Tore Odd	Observatør

### Forfall

Aud Ingrid Espeland	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Børge Stavland, stedfortreder direktør Medisinsk klinikk  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Asle Kjølraug, fagdirektør  
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Svein Ove Alisøy, avdelingssjef Psykiatrisk klinikk  
Elin Lysne, seksjonsleiar Rus døgn  
Tanja Strandheim, stedfortreder seksjonsleiar

**SAKLISTE**

Saksnummer	Sakstittel
059/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden
060/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.09.2023
061/2023	Administrerande direktør si orientering
062/2022	Rapportering frå verksemda per september 2023
063/2023	Budsjett 2024 - løypemelding
064/2022	Risikostyring 2023 – rapportering 2. tertial
065/2023	Leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2023
066/2023	Makebyte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Lærdal og Helse Førde
Saker til orientering:	
067/2023	Rapport - Bærekraftig utvikling for Psykisk helsevern og TSB
068/2023	Felles regional rapport – Topp 5 risiko – Vald og truslar mot medarbeidarar
069/2023	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Psykiatrisk klinikk, Avdeling Tronvik.

**STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING**

Varaordførar Geir Helge Østerbø i Høyanger kommune hadde spurt og fått høve til å orientere om Avdeling Tronvik som ein viktig institusjon og arbeidsplass i Høyanger kommune. Høyanger kommune ønsker vidareutvikling av Tronvik. Kommunen er og opptatt av å ha ein god dialog med Helse Førde og styret i den vidare prosessen. Orienteringa vart gjeve før møtet var formelt sett.

**FAGLEG ORIENTERING**

Direktør Børge Tvedt orienterte om Tronvik og rusområde

- Tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i Helse Førde
- Tronvik i dag – og litt til

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Førde er integrert i psykiatrisk klinikk. Vi har rusplassar ved Avdeling Tronvik og Nordfjord psykiatrisenter Rus. Vi har 25 plassar i Helse Førde, og har no innlagt 15 (dvs. 66%).

Revidert nasjonal framskrivingsmodell, viser 6000 liggedøgn i Helse Førde i 2040. Vi har avtalar med private leverandørar i Helse Vest til 31.12.2028.

Fagleg retning i tverrfagleg spesialisert rusbehandling er:

- Kortare, meir intensive innleggingar
- Auka fokus på poliklinikk og ambulante tenester
- Samanhengande pasientforløp mellom spesialisthelseteneste og kommune
- Nasjonalt og regionalt fokus på digitale helsetenester og i TSB

Historie om Tronvik starta ved opning av Tronvik fylkessjukeheim i 1956.

Drift ved Tronvik i dag er 5 døgnplassar TSB i Hovudbygg, fordelt på to etasjar. Planlagt auke i drift er 5 nye plassar TSB. Totalt 20 plassar.

Kjenneteikn ved rus døgn Tronvik er: Geografisk plassering, aktivitetsavdeling, gymsal, brukarperspektivet er godt utvikla, og sekvensiell behandling.

**OMVISNING:**

Stedfortreder seksjonsleiar Tanja Strandheim hadde omvisning til TSB døgn og orienterte.

*Styreleiar Krakhellen takka for god orientering og omvisning.*

## **Sak 059/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Aud Ingrid Espeland hadde meldt forfall
- Jan Tore Odd var innkalla som observatør i styret. Marita Aarvik hadde meldt forfall
- Nye skriv var utdelt/lagt på bordet:
  1. Brev til styret vedr. Forslag om nedlegging av Rus døgn Tronvik, datert 23.10.2023
  2. Referat frå møte i felles brukarutval 20.09.2023
  3. Referat frå fellesmøte mellom styret og felles brukarutval 24.11.2022

**Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **Sak 060/2023 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.09.2023**

**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.09.2023.

**Sak 061/2023 Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia med bilde frå:

- Kvalitetskonferansen
- Sengerom i sjetta etasje i Livabygget
- Gladmelding: No blir god start opna igjen
- Stadleg leiar Nordfjord sjukehus
- Infusjonspoliklinikk Lærdal sjukehus

**1. Rapportering tilsynssaker****2. Oversikt over aktuelle høyringar**

*Styret takka for god og oversiktleg presentasjon av høyringsdokument.*

**3. Saker til oppfølging etter styremøte****4. Kvalitetsprisen 2023**

Adm. direktør Varden orienterte om kvalitetsprisen, med mange gode innlegg. Nokre innlegg vert tema til styret. Utdeling av kvalitetsprisen 2023 var delt på to og gitt til: Pål Andre Hegglund og Barneavdelinga i Helse Førde.

**5. God start Nordfjord**

Direktør Guldhav orienterte om God start Nordfjord som starta opp igjen barseltilbodet 16. oktober. Det er oppretta eit tettare samarbeid inn mot fødeavdelinga i Førde enn tidlegare.

**6. Stadleg leiar Nordfjord sjukehus**

Adm. direktør Varden orienterte om at ny stadleg leiar Heidi Vederhus startar i stillinga 6. november.

**7. Infusjonspoliklinikk Lærdal sjukehus**

Stadleg leiar Øvrebø orienterte om utviding av infusjonspoliklinikk i Lærdal.

Frå 2019 har det vore stor auke i tal pasientar frå Indre Sogn. Med utviding av tilbodet vil dei sleppe reise til Førde. Det er meir avanserte og tidkrevjande kursar, fleire typar behandling. Arbeidet er starta opp, og etter planen skal den nye poliklinikken takast i bruk i veke 50.

## 8. Tiltak for å redusere ventetida

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om ventetider. Helse Vest skal nytte 25 millionar kroner på å redusere ventetidene i regionen. Helse Førde vil motta om lag 2,5 millionar kroner.

Det er i hovudsak innan kirurgiske fag at dei høge ventetidene er skapt i Helse Førde. Innan medisinske fag er det knytt størst uro til totalkøen for kolonoskopiar.

Tiltak for å redusere ventetid innan kirurgiske fag og fordøyingssjukdommar vart skissert.

*Styret stilte spørsmål det vert innleige eller nytte eigne ressursar i arbeidet med å redusere ventetida.*

*Direktør Guldhav orienterte om at det blir ei blanding av overtid og innleige for å redusere ventetida.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

## **Sak 062/2023      Rapportering frå verksemda per september 2023**

### **Oppsummering:**

#### *Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa*

- Innan fag er det ei generell betring av indikatorane for tilgjengeleg heit i september
- Talet på fristbrot held fram med å auke (391 nye fristbrot), noko som også krev vedvarande fokus
- For psykisk helsevern for barn og unge ser vi den same ønska profilen knytt til tilgjengelegheitsindikatorane.
- Innan psykisk helsevern for barn og unge og TSB indikatorane på stabilt tilgjengelegheit
- Resultatet for september syner eit resultat på minus 3,1 millionar kroner, og er 4,7 millionar kroner bak brusjett
- Hovudforklaringa er lågare inntekter enn budsjettert og meirforbruk på personalkostnader

- Samla sjukefråvær i august var 6,3 prosent. Det er lågaste så langt i år, men vi registrer ein større auke i september

*Fagdirektør Kjørhaug orienterte om: Fag og kvalitet*

Aktiviteten - overordna pasientflyt per september viser:

Nytilviste 5 925 (-1%)	Ventelistekø 7 563 (1%)	Totalkø 45 864 (4%)	Avslutta 5 750 (1%)
---------------------------	----------------------------	------------------------	------------------------

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 80
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser reduksjon frå førre månad, men auke samanlikna med i fjor
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 391 nye i august, tilsvarande 41,2 prosent

*Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Aktivitet somatikk hittil i år viser eit avvik på 214 DRG poeng i perioden. Aktivitet i perioden er 4,5 prosent lågare enn budsjett målt i samla tal behandlingar. Beleggsprosent for somatikk viser 69 prosent.

Beleggsprosent for Psykisk helsevern viser 64 prosent.

Netto månadsverk viser 2 033. Brutto månadsverk viser 2 421

Samla sjukefråvær i august var 6,3 prosent.

Resultat i september er minus 3,1 millionar kroner, som er eit avvik mot budsjett på minus 4,7 millionar kroner. Resultat hittil i år er på minus 9,9 millionar kroner, som er eit avvik mot budsjett på 24,9 millionar kroner.

Prognose 2 viser at vi kjem 50 millionar kroner bak budsjett.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2023 til vitende.

## **Sak 063/2023      Budsjett 2024 - løypemelding**

### **Oppsummering:**

I statsbudsjett 2024 er rammene for spesialisthelsetenesta vurdert av Helse Vest å vere svært stramme.

Målsetjinga for budsjett 2024 er å få gjennomført driftsmessige tiltak med kostnadssparande effekt på minimum 50 millionar kroner i 2024. Ei innsparingskrav på 10 millionar kroner er delt ut i den normale budsjettprosessen. I tillegg har adm. Direktør sett i gang ein eigen prosess for å finne nye tiltak som gjer at det er råd å løyse resten av utfordringa. Målet er styrevedtak 19.12.2023, slik at vi kan innarbeide tiltaka i budsjettet for 2024.

*Økonomidirektør Helleseeth orienterte om:*

*Budsjettprosessen og tidslinje med involvering tilsette og verneteneste*

*Førebels ramme Helse Førde:*

- Auke i ramme 21 millionar frå Helse Vest, men dette kan endre seg
- Endring i kostnader viser 97 millionar
- Prognose – styringsfart – 50 millionar
- Totalt utfordringsbilete 100 millionar ++

*Hovudpunkt: Sjukehusa blir styrka med samla 2 178 mill. kr samanlikna med revidert nasjonalbudsjett. Ventetider i 2024 skal reduserast. Pris- og lønsjustering med 4,3%.*

*Rammene for spesialisthelsetenesta er strammare. Førebels konklusjon er at det er underdekning og føresette effektiviseringar i forslaget til statsbudsjettet.*

*Behov for omstilling og tilpassing av drifta til dei økonomiske rammevilkåra*

*Tid for handling:*

*Situasjonen er lik for sjukehusa i Norge. Dei økonomiske rammene framover vil bli strammare. Mangel på helsepersonell og krav til kompetanse krev endring. Ansvar er vårt.*

*Kva er situasjonen i Heles Førde HF:*

- Store økonomiske utfordringar – 100 millionar kroner ++
- Tiltak for å tilpasse drifta til økonomiske rammer for 2024 og framover
- Forslag til statsbudsjett for 2024 - framlagt 6. oktober 2024

*Overordna:*

- Struktur: Sjukehusstrukturen med tre sjukehus i Helse Førde ligg fast.
- Tilsette: Tilstrebe at ingen fast tilsette vil miste jobben. Kan få endra arbeidsoppgåver/arbeidsstad
- Nye Førde sjukehus: Vi må tilpasse nye driftsmodellar til dei økonomiske rammene

*Større tiltak som krev analyse:*

- Vurdere tenestetilbodet innan TSB og tilbodet på Tronvik
- Utsette oppbygging av rehabiliteringstilbod ved Førde sentralsjukehus
- Vurdere kva tenestetilbod vi skal ha i Florø
- Ortopedi Lærdal. Vurdere tilpassingar i drifta
- Skadepoliklinikk Nordfjord sjukehus - gjennomgå tenesta
- Sommarstenging av sengepost Indre Sogn psykiatrisenter

- Nye Førde sjukehus – tilpasse drift og prosjekt til økonomiske rammer
- Redusere årsverk i adm./stab med 10 stk
- Innføre parkeringsavgift på alle institusjonar
- Reduksjon av variabel lønn og faste tillegg
- Tilpasse drift – helg og ferieavvikling
- Betre ressursutnytting på tvers av sengepostar og poliklinikk
- Redusere investeringsbudsjett og vedlikehald av bygg
- Er det fagområde kor medisinsk utvikling gjev moglegheit for endring?
- Er det fagområde med overkapasitet?
- ?

Vi har motteke over 70 innspel. Det blir også løypemelding til styret i november 2023. Planlagt framdrift er styrevedtak i desember 2023.

Styreleiar Krakhellen sa at dette er ei løypemelding, som styret kan gi tilbakemeldingar til administrasjonen om det som er gjort og kan gjerast.

Styret kommenterte at det er ein alvorleg budsjettsituasjon. Effekt av etterslep på investeringar og meir krevjande rekrutteringssituasjon, dette må bringast vidare til Helse Vest. Styret kommenterte at vi må få til god prosess med tilsette og tillitsvalde, og involvering av styret.

Adm. direktør Varden takka for gode refleksjonar og tilbakemeldingar. Det er viktig å ha god dialog med styret, og føretaket må også sikre dialog med kommunane.

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret i Helse Førde tek orienteringa til vitende.

#### **Endringsframlegg frå styret:**

Styret ber administrerande direktør jobbe vidare med budsjett 2024 og presenterte tiltak. Styret er opptekne av at budsjettet skal ivareta best mogleg pasientbehandling og sikre god HMS for tilsette.

#### **Votering:**

Styret sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret ber administrerande direktør jobbe vidare med budsjett 2024 og presenterte tiltak. Styret er opptekne av at budsjettet skal ivareta best mogleg pasientbehandling og sikre god HMS for tilsette.

## **Sak 064/2023    Risikostyring 2023 – rapportering 2. tertial**



**Oppsummering:**

Risikostyringa for 2. tertial syner særleg høg risiko innan økonomiområdet. Også områda for rekruttering og intern samhandling har relativt høg risiko.

Den overordna risikostyringa for Helse Førde omfattar:

- Legemiddelområdet
- IKT og informasjonssikkerheit
- Vald og truslar
- Rekruttering
- Uønskt variasjon ortopedi
- Uønskt variasjon radiologi
- Intern samhandling (eige område)
- Økonomistyring (eige område)

*Adm. direktør Varden orienterte om Topp fem risiko, som er oppfølging frå Helse Vest.*

*Stedfortreder direktør Medisinsk klinikk Stavland orienterte om arbeidet med uønskt variasjon radiologi.*

*Brukarrepresentant Jan Tore Odd understreka risikoelement som ligg i at primær- og spesialisthelsetenesta har gode integrasjonar.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek rapportering risikostyring 2. tertial 2023 til orientering og merkar seg den høge risikoen innanfor økonomiområdet.

**Sak 065/2023      Leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2023****Oppsummering:**

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde gir saman med klinikkane sine gjennomgangar oversyn over føretaket. Helse Førde har også i andre tertial av 2023 utfordringar knytt til ventetider og fristbrot, tilgang på nok personell og økonomi. Det er eit kontinuerleg arbeid med tiltak på alle desse områda. Det vert arbeidd målretta med å planlegge for nye driftsmodellar etter innflytting i LIVA-bygget, Nye Førde sjukehus.

Gjennomgangen syner status på desse tema:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet
  - a. Styrke psykisk helsevern og TSB
  - b. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
  - c. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp
  - d. Andre sentrale punkt i Styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar

3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretaket med tiltak innanfor: Kvalitet og pasienttryggleik, medarbeidardimensjonen og økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbodet
6. Administrerande direktør si vurdering

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek leiinga sin gjennomgang 2. tertial 2023 til orientering.

**Sak 066/2023      Makebyte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Lærdal og Helse Førde**

**Oppsummering:**

Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus ønsker å bygge eit nytt hybelhus på tomt eigd av Helse Førde HF. Stiftinga ønsker å makebyte frådelt areal av Sjukehusvegen 11 mot Sjukehusvegen 6.

Helse Førde har i samarbeid med Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus hatt ein lengre prosess knytt til behov, storleik, kvalitet, pris og plassering av utleigeporteføljen. I denne prosessen er det kartlagt at det er behov for eit nytt hybelhus, samt redusere tal store einingar. Helse Førde har etter ei behovskartlegging funne at eit hybelhus med 19 einingar, 10 studenthyblar for praksisstudentar og 9 vakthyblar, er høveleg i Lærdal.

*Adm. direktør Varden orienterte om makebyte utomhusareal ved Lærdal sjukehus.*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret i Helse Førde vedtek makebyte av gnr. 4642, bnr. 28/68 (Sjukehusvegen 6) mot gnr. 4642, bnr. 27/59 (frådelt areal Sjukehusvegen 11).

## Saker til orientering:

### **Sak 067/2023      Rapport - Bærekraftig utvikling for Psykisk helsevern og TSB**

#### **Oppsummering:**

Helse Vest har i sak 80/2023 behandla den regionale rapporten «Bærekraftig utvikling av kompetanse og kapasitet i Psykisk helsevern og TSB». Det er stor variasjon i tal legar og psykologar for opptaksområda i Helse Vest. Fleire rapportar og analyser som er gjennomført av Helse Vest har vist ein aukande turnover. I rapporten ekstern turnover blei det satt særleg søkelys på ekstern turnover innan psykisk helsevern og TSB. Helse Vest har utarbeidd rapporten fordi ein har vurdert at det er behov for å sikre robuste og stabile fagmiljø innan psykisk helsevern og TSB. Gode fagmiljø vil bidra til å behalde og utvikle medarbeidarar. Det har vore god involvering frå fagmiljøa og leiarane for tenestene i helseføretaka. Arbeidet har utfordra og skapt ein dialog om tiltak, moglegheiter og kva som kan bidra til å nå dei overordna måla som er etablert i arbeidet.

*Direktør Tvedt orienterte om rapporten som omhandlar m.a.*

- *Rekruttere fleire psykologstudentar*
- *Gi god introduksjon til nye medarbeidarar*
- *Behalde og utvikle medarbeidarar*
- *Innføre metodebok.no*
- *LIS 1 i tredelt turnus*

#### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tek rapporten Bærekraftig utvikling av kompetanse og kapasitet i Psykisk helsevern og TSB til vitende.
2. Styret legg til grunn at rapporten og kunnskapsgrunnlaget som no er etablert omtalar viktige tiltak som skal bidra til å sikre robuste og stabile fagmiljø innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling på Vestlandet og i Helse Førde. Rapporten legg eit godt grunnlag for å lukkast med å behalde, utvikle og rekruttere fagleg kapasitet. Opplevinga av å høyre til eit godt fagmiljø skal bidra til å nå mange av måla i rapporten.
3. Styret ber administrerande direktør sørge for at rapporten blir følgt opp og at tiltaka blir gjennomført, regionalt i fellesskap for det som kan vere felles, samt at det som blir lokale tiltak blir gjennomført i Helse Førde. Styret ber om å bli haldne orientert om framdrifta for arbeidet.

## **Sak 068/2023      Felles regional rapport – Topp 5 risiko – Vald og truslar mot medarbeidarar**

### **Oppsummering:**

Det er gjennomført eit felles regionalt prosjekt Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar. Prosjektet har som del av dette arbeidet etablert eit nytt felles kunnskapsgrunnlag. Det er mellom anna understreka at det skal vere nulltoleranse for vald eller truslar mot medarbeidarar.

Prosjektet har identifisert 14 tiltaksområde som kan bidra til å redusere vald og truslar mot medarbeidarar. Rapporten foreslår ein rekkje forbetringstiltak.

Prosjektet har gitt læring og erfaringsoverføring mellom helseføretaka og lagt eit godt grunnlag for felles samarbeid og gjennomføring av tiltak. Som ein del av arbeidet, er det laga ein ny rapport med data frå Synergi med hovudvekt på vald og truslar mot medarbeidarar. Målet er at medarbeidarar, leiarar, tillitsvalde og vernetenesta skal ha eit felles grunnlag for lokale forbetningsprosessar.

Helse Førde vil arbeide aktivt med å implementere tiltaka frå det regionale prosjektet i vårt føretak.

*HR-direktør Skjelten orienterte om rapporten. Helse Førde har registrert færre hendingar knytt til vald og trugslar enn dei andre føretaka i Helse Vest. Dette skyldast ein feil i registreringa i Synergi, der hendingar har vorte registrert som avvik knytt til pasientar i staden for ei HMS-hending. Dette vil verte korrigert i systemet i løpet av kort tid.*

*Styret kommenterte at vold og truslar i psykiatri og somatikk har ulikheit i regelverket.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si orientering om implementering i Helse Førde av felles regional rapport Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar i Helse Vest til vitende.

## Sak 069/2023    Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om at det vert styreseminar kvelden førut neste styremøte 23. november. Tidsplan for styremøte vert kl. 08:30-13:00. Fellesmøte mellom styret og felles brukarutval vert kl. 13:00-15:00. Møtestad: Førde sentralsjukehus (styrerrommet).

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

### **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- Samhandlingsnytt september 2023

#### **Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møtet:**

- Brev til styret vedr. Forslag om nedlegging av Rus døgn Tronvik, datert 23.10.2023
- Referat frå møte i felles brukarutval 20.09.2023
- Referat frå fellesmøte mellom styret og felles brukarutval 24.11.2022

Ref. Berit Irene Haarklau  
26.10.2023

---

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland (sett)	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem